


## Struktur og gjennomføring av rettleiing i tverrfagleg team

Tverrfagleg team er eit **konsultasjons- og rettleiingsteam** som kan nyttast av skule, barnehage og andre kommunale tenester som jobbar med barn og unge.

**Målet med å drøfte saka** i tverrfagleg team er at eininga / stafethaldar skal få råd og rettleiing i korleis barnet/ungdommen/familien skal få best mogleg hjelp.



Betre Tverrfagleg Innsats

Tverrfagleg team er **etablert på nivå 2 og 3 i BTI-modellen**.

Det betyr at eininga (den som er nærast barnet) skal ha arbeid på nivå 0 og 1 med tiltak over ei periode i samarbeid med barnet/ungdommen/familien og ev. samarbeidspartar.

Teamet er satt saman av **fagfolk med ulike kompetanse** frå oppvekst og helse i kommunal sektor og 2.linjetenesta (BUP). Medlemmane har teieplikt.

Det er i utgangspunktet satt av 1 time til drøfting av ei sak.

I tverrfagleg team skal vi saman prøve å forstå kva utfordringane er, gje råd og rettleiing i **kva** ein bør gjere, **korleis** ein bør gjere det og **kven** som bør gjere det.

<b>Eininga / stafethaldar sitt ansvar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Førebu punkt i skjemaet «<i>Førebuing til tverrfagleg team</i>». Nyttast ved framlegg av saka.</li><li>• Skriv eige referat. Er det oppretta stafettlogg skal det førast her.</li><li>• Gje foreldre/barn/ungdom tilbakemelding etter møte og tilgang på referat. Dei skal medverke i vidare tiltak.</li><li>• Ansvar for vidare oppfølging.</li></ul>
<b>Tverrfagleg team sitt ansvar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gje råd og rettleiing ut i frå informasjon og opplysningar som er lagt fram av eininga / stafethaldar.</li><li>• Gje tilråding / anbefaling til vegen vidare.</li><li>• Samordningskoordinator barn og unge skal:<ul style="list-style-type: none"><li>○ Koordinere og leie møte</li><li>○ Sende skjema «<i>Førebuing til tverrfagleg team</i>» til eininga i god tid før rettleiing/konsultasjon.</li><li>○ Sende ei kort oppsummering (punktvis) med tilrådde tiltak/anbefalingar til eininga innan 1 veke.</li></ul></li></ul>
<b>Møtestruktur</b>	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Velkommen og gjennomgang av møtestruktur v/ møteleiar</li><li>2. Gjennomgang av innhaldet i «<i>Førebuing til tverrfagleg team</i>» v/ eininga</li><li>3. Eventuelle spørsmål frå fagpersonane i tverrfagleg team</li><li>4. Drøfting av informasjon og problemstilling</li><li>5. Oppsummering / samla tilbakemelding frå teamet</li><li>6. Kort oppsummering frå eininga som har fått rettleiing (kva tek ein med seg, eventuelle oppklaringar)</li></ol>

